



**STRYN KOMMUNE**  
Rådmannsavdelinga

Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr: 2006/00143-227	Dato: 29.05.2006
Mottatt: U 1 JUN 2006	UP
Sjef: SØH	713
Kontor:	Avdeling:

**Vår ref.**  
05/255-6/ V50 //HAR

**Dykkar ref.**  
200600143

**Dato:**  
29.05.2006

## Høyring av forslag til endring av lov om veterinærer og anna dyrehelsepersonell.

Det vert vist til brev frå Landbruks- og matdepartementet av 15.02.06 med oversending av høyringsforslag til endring av lov av 15. juni 2001 om veterinærer og anna dyrehelsepersonell.

Etter fullmakt frå Stryn formannskap vil rådmannen i Stryn kommune gje følgjande fråsegn til høyringsforslaget:

Stryn kommune har ikkje noko prinsipielt i mot at kommunane skal syte for at ein har ei tilfredsstillande veterinærdekning og ei velfungerande vaktordning. Med det må vere ein utrykkeleg føresetnad for dette at grunnlaget for ansvarsoverføringa er avklara på førehand. Det vil seie:

- **Kva ansvaret omfattar og**
- **Kva for økonomiske rammer kommunane har å halde seg til.**

Dersom kommunane får ansvaret for å syte for tilfredsstillande tilgang til tenester frå dyrehelsepersonell, under dette ansvar for klinisk veterinærvalt, må det vere ein klar føresetnad at Staten framleis har det overordna ansvaret for å ta i vare veterinærtjenester og beredskap mot smittsame dyresjukdomar og for dyrevernet. Dette punktet er svært uklart i høyringsnotatet.

I høyringsnotatet heiter det at: "det vil være opp til kommunene å vurdere hva som er tilfredsstillende tilgang på veterinærtjenester" og "kommunene vil i prinsippet stå fritt til å vurdere hvilket nivå de mener er tilfredsstillende tilgang på tjenester fra dyrehelsepersonell". Både for å klargjere kva forventningar staten har til tenesta, og ikkje minst for at staten skal kunne vurdere dei administrative og økonomiske konsekvensane av ansvarsoverføringa, er det nødvendig at det blir definert nokre klare minstestandarar.

Nedlegging av distriktsveterinærstillingane førde til at veterinærtilbodet mange stadar vart svekka. At Mattilsynet no skal verte fritakne for det ansvaret det har til å administrere vaktordninga for veterinærer, kan ytterlegare svekke ordninga. Mange distrikt har i dag dårleg veterinærdekning. Dette kan bli forsterka og vanskeleggjere rekruttering om ikkje det økonomiske grunnlaget for ei tilfredsstillande organisering er tilstades.

Postadresse/besøksadresse:  
Tonningsgata 4  
6783 STRYN

Telefon 57 87 47 00  
Telefaks: 57 87 47 01

e-postadresse: postmottak@stryn.kommune.no  
Heimeside: http://www.stryn.kommune.no

Banksamband  
Nordea 6557 05 02802  
Sparebanken SFJ 3795 07 00239  
Dnb (SKATT) 7855 05 14493

Org.nr: 963 989 202

For ei nyordning som føreslege må det vere ein føresetnad at Den norske veterinærforening og Kommunenes Sentralforbud kjem fram til sentrale retningslinjer for vaktordninga og godtgjersle for denne. Dersom dette ikkje skjer kan kommunar i distriktsnorge måtte betale meir for vakttenester og vakt enn sentrale kommunar.

Det er kritikkverdig at lovforslaget velter heile ansvaret for dyrehelsetenesta i landet, og ansvaret for organisering og finansiering av ei landsdekkande klinisk veterinærvakt, over på kommunane utan at det går fram at staten tek det økonomiske ansvaret.

Som nemnt i innleiinga må det vere ein utrykkeleg føresetnad for den skisserte ansvarsoverføringa at kva ansvaret som vert overført omfattar og dei økonomiske rammene kommunane har å halde seg til er avklara på førehand.

Med helsing,



Harald Risnes

rådmann

57 87 47 11

Kopi til:

Kommunenes Sentralforbund, Postboks 1374 Vika, 0114 Oslo.